
Saknr: 2020/35112-1
Saksbehandlar: Hans Inge Gloppen

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon		13.02.2020

Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon vedtar «Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020».
2. Det vert sett av inntil 3 mill. kroner til regionale etablerarfond forvalta av Innovasjon Noreg. Midlane til fondet skal delvis finansierast av fylkeskommunale renteinntekter i 2019, og delvis av midlane som er sett av til bedriftsretta låne- og tilskotsordningar til distrikta under kap. 553, post 61 i statsbudsjettet.
3. Det er øyremerkd fire mill. kroner til kommunale næringsfond. Løyvinga skal gå til dei kommunane i gamle Sogn og Fjordane som tidlegare var omfatta av ordninga og som ikkje er slegne saman med andre kommunar. Fylkesdirektøren utarbeider ei sak om ny modell for tildeling i heile Vestland frå og med 2021.
4. Fylkeskommunen vil i nær dialog med samarbeidspartar innan næringsliv og offentleg sektor starte arbeidet med «smart spesialisering» som metode for regional næringsutvikling i 2020.

Samandrag

I «Handlings-program for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020» er det foreslått korleis midlane til innovasjon og næringsutvikling skal prioriterast i 2020, og kva strategiske innsatsområde verkemidlane skal innrettast mot. Tiltaka i handlings-programmet er resultat av innspel frå næringsliv, FoU og utdanningsinstitusjonar, innovasjonsmiljø, verkemiddelapparat og kommunar. Det har også vore eit tett samarbeid mellom begge fylka i tida før samanslåinga. I denne saka fremmer fylkesdirektøren «Handlings-program for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020» til godkjenning. Sjølve programmet ligg som vedlegg til saka.

Bård Sandal
fylkesdirektør

Mette Nora Sætre
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg: «Handlings-program for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020»

Bakgrunn for saka

«Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020» er forankra i «Regional plan for verdiskaping for Sogn og Fjordane» og «Regional næringsplan for Hordaland.» Denne forankringa gjeld fram til det er vedtatt ny regional planstrategi og nye regionale planar for Vestland.

Handlingsprogrammet peikar på aktuelle tiltak som konkretiserer den strategiske retninga for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020. Både gjeldande planverk og tiltaka i handlingsprogrammet er resultat av innspel frå næringsliv, FoU og utdanningsinstitusjonar, innovasjonsmiljø, verkemiddelapparat og kommunar. Det har også vore eit tett samarbeid mellom begge fylka i tida før samanslåinga.

Handlingsprogrammet er utarbeidd av Vestland fylkeskommune med innspel frå ei gruppe sett saman av Balestrand kommune, Bergen kommune, Innovasjon Noreg, Næringsalliansen (samanslutning av alle næringsforeningane), Fylkesmannen i Vestland, Høgskulen på Vestlandet, IT Forum Vest og NCE Maritime CleanTech (den nasjonale maritime klynga). I tillegg har relevante avdelingar og seksjonar internt i fylkeskommunen kome med faglege innspel.

For å få god forankring for den regionale utviklinga har Næringsforum Vestland (den regionale partnerskapen for næringsutvikling i Vestland) vore styringsgruppe, trekt opp rammene for arbeidet og handsama utkast til handlingsprogram. Dei har også gjeve si tilråding til hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon før endeleg godkjenning. Næringsforum Vestland er sett saman av leiinga for Innovasjon Noreg Vestland, Fylkesmannen i Vestland, Fiskeridirektoratet Region Vest, NAV Vestland, Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet, NHO Vestlandet, LO-sekretariatet i Vestland, KS Vestland, næringssjef i Bergen kommune og den regionale representanten for Noregs forskingsråd. Frå fylkeskommunen deltek fylkesdirektør for Innovasjon og næringsutvikling, som også leiår næringsforumet. I fellesskap skal denne partnerskapen bidra til samordna innsats for å fremje nærings- og samfunnsutvikling i Vestland.

Visjon og mål

Nye strukturar på region-, fylkes- og kommunenivå pregar handlingsprogrammet. Det nye fylket og dei 43 kommunane i Vestland har ei viktig rolle når det gjeld tilrettelegging for lokalt nærings- og samfunnsnivå. Det må no etablerast nye samarbeid, utviklast eit felles rammeverk, og leggjast til rette for gode, opne og føreseielege prosessar for nærings- og samfunnsutviklinga i Vestland fylke. I dette arbeidet er Vestland fylkeskommune gjeve ei sentral rolle. Samfunnsoppdraget er å setja strategisk retning, engasjere og samhandle for å utvikla gode tenester og eit framtidssretta Vestland.

Partnerskapen som Vestland fylkeskommune er del av, er opptatt av å sette ein visjon for arbeidet med innovasjon og næringsutvikling.

Vestland fylkeskommune sin visjon er å vera nyskapande og berekraftig.

Fleire av forskings- og utdanningsinstitusjonane i Vestland fylke er internasjonalt leiande når det gjeld marin forskning. Fylket har eit næringsliv som er verdsleiande når det skal utviklast ny kunnskap om våre havområde, marine ressursar og akvakultur. Regionen er også sentral når det gjeld den nasjonale forsyninga av fornybar kraft. Dette er fortrinn som gjer det naturleg at:

Vestland har som mål om å vera Europas leiande region for Innovasjon, forskning og utdanning knytt til havnæringar og fornybar energiproduksjon.

Denne visjonen er i samsvar med visjonen som fleire av partnerane arbeider etter.

Overordna føringar for handlingsprogrammet

FN har vedtatt mål for berekraftig utvikling fram mot 2030. Måla inneheld 17 hovudmål med 169 delmål, og det er utvikla 232 indikatorar. FN oppmodar alle medlemsland til å nytte desse i sitt utviklingsarbeid. Måla kan også nyttast på alle forvaltningsnivå og innan ulike sektorar, samt i private verksemder. Fylkeskommunen har vedtatt at FN sine berekraftsmål skal leggjast til grunn for all regional planlegging.

I den politiske plattformen som er grunnlaget for Vestland i perioden 2019 - 2023 går det fram at det skal satsast på utvikling og innovasjon innan næringsliv og skule.

Innovasjonsomgrepet som er lagt til grunn for handlingsprogrammet famnar fleire områder.

Kortversjonen er at innovasjon er verdiskaping gjennom:

- nye produksjons- og utviklingsprosessar samt innføring av ny teknologi
- nye eller vesentleg fornya og forbetra produkt eller tenester
- nye organisasjons- og leiingsformar
- nye distribusjons- og marknadsføringsformer
- nye forretningsmodellar

I den politiske plattformen heiter det også at «*Vestland fylke skal ta i bruk heile regionen sitt komparative fortrinn for å utvikle ei berekraftig og langsiktig verdiskaping. Me skal spele på lag med heile næringslivet for å utvikle fleire arbeidsplassar i Vestland. Me må tenke grøn næringsutvikling i alle ledd av politikken - både innan forskning, utvikling, samarbeidsforum og offentlege innkjøp. Me må forvalte våre naturressursar vel. Me kan ikkje forbruke meir enn me har til rådvelde. Me skal syne at overgangen frå fossil til grøn og fornybar energi, nullutsleppstransport og grønt næringsliv skapar nye arbeidsplassar og levande regionar.*»

Fylkeskommunen har i tillegg utarbeidd rapporten «*Vestland - utfordringar for fylket og regionane*», som vart handsama i fellesnemnda for det nye fylket i juni 2019. Her er det trekt fram fleire utfordringar:

- Klimaomstilling
- Balansert areal- og naturressursbruk
- Gode transportsamband og smart mobilitet
- Grøn konkurransekraft
- Digitalisering av samfunnet
- Relevant kompetanse og kunnskap
- Attraktive stader og gode nærmiljø
- Eit fornyande, profesjonelt og frivillig kulturliv
- Ungdom - trivsel og tilhøyre

Strategiske innsatsområde

Handlingsprogrammet er innretta mot sju strategiske innsatsområde. Prioriteringa av innsatsområda er basert på gjeldande planverk, rapporten «*Vestland - utfordringar for fylket og regionane*», den politiske plattformen for Vestland 2019-2023, samt innspel frå partnerskapen til Vestland fylkeskommune.

- Omstilling
- Grøn konkurransekraft og klimainnovasjon
- Vekst gjennom entreprenørskap, nyskaping og internasjonalisering
- Forsking for å styrka innovasjonsevne
- Kompetanse og karriere
- Berekraftige byar og samfunn
- Naturressursforvaltning

Dei fem berekraftsmåla - nr 8 anstendig arbeid og økonomisk vekst, nr 9 innovasjon og infrastruktur, nr 10 mindre ulikheit, nr 12 ansvarleg forbruk og produksjon og nr 17 samarbeid - er gjennomgåande i alle innsatsområda. I tillegg vil kvart innsatsområde også rette seg inn mot miljø-mål og sosiale-mål.

Fylkeskommunen vil i nær dialog med samarbeidspartar innan næringsliv og offentlig sektor starte arbeidet med «smart spesialisering» som metode for regional næringsutvikling i 2020. Metoden er nytta av EU i arbeidet med å legge til rette for vekst og innovasjon i alle regionar. Smart spesialisering handlar om å byggje vidare på den kompetansen, næringslivet og ressursane som allereie er til stades i regionen, for å utvikle nye nisjer og næringsområde. Inntil ein strategi for

smart spesialisering er på plass, så nyttar vi dei næringane som er definert i «Regional plan for verdiskaping for Sogn og Fjordane» og «Regional næringsplan for Hordaland». Desse er:

Regional plan for verdiskaping for Sogn og Fjordane	Regional næringsplan for Hordaland
Nyskaping og kunnskap Landbruk Fornybar energi Sjømat-næringar Reiseliv Olje og gass Industri	Energi-næringar Maritime næringar Marin sektor Reiseliv Landbruk og lokal mat Medie- og kulturbasert næringsliv

Internasjonalt samarbeid og prosjekt er ein integrert del av alle satsingsområda der det gir ein meirverdi. Fylkeskommunen skal også bidra med rettleiing og hjelp frå verkemiddel-apparatet til aktørar som vil søkje midlar frå nasjonale- og internasjonale program.

Evaluering

I oppfylginga av det handlingsprogrammet vert det tilrådd å legge fram informasjon som gir bakgrunn og støtte for diskusjonar om resultatane av arbeidet vårt. Aktuell informasjon i den samanheng blir:

- Korleis vi prioriterer verkemiddel
- Indikatorar knytt til målsettingar i satsingar i handlingsprogrammet
- Overvakingsindikatorar spesielt knytte til utvikling av arbeidsplassar
- Geografisk spredning
- Tal mobiliseringsaktivitetar (bedrifter som har mottatt kompetansemekling, tal forprosjekt, tal nettverksmøte, tal mobilitetsprosjekt, tal RFF kvalifiseringsprosjekt, tal RFF forskarprosjekt, Tal NFR og EU finanserte prosjekt knytt til regionen)
- Tal FoU-prosjekt innan ulike kategoriar, Skattefunn, RFF, NFR, EU
- Tal etableringar av bedrifter - overlevingstal etter 5 år

Det er også aktuelt å sjå på måloppnåing i forhold til dei relevante indikatorane knytt til berekraftmåla til FN. Her er det likevel viktig å operasjonalisere det til Norske forhold.

Økonomi

Med dette som utgangspunkt er det utarbeidd eit førebels budsjett for «Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020» med ei førebels ramme på om lag 261 mill. kroner. Førebels fordi sentrale mynde ikkje hadde avklart fylkesfordeling av fleire postar på statsbudsjettet, og fordi fylkeskommunen ikkje hadde klare tal for renteinntekter og overførbare midlar frå 2019 då saka vart ført i pennen.

Prosjekt og tiltak som skal finansierast vil bli vurdert i lys av prioriteringane og føringane i handlingsprogrammet. Forvaltninga av verkemidla er delt mellom Vestland fylkeskommune, Innovasjon Noreg, SIVA, Noregs forskingsråd og andre lokale-, regionale og nasjonale aktørar. Fylkeskommunen handsamar prosjekt og søknader av tilretteleggjande karakter, medan søknader om støtte til bedrifter blir handsama av Innovasjon Noreg, eller i samarbeid med Norges Forskingsråd.

Vestland fylkeskommune har hovudansvaret for «*Handlingsprogram for innovasjon og næring i Vestland*», men både utarbeidinga og gjennomføringa skjer i nært samarbeid med verksemdar, bransjeorganisasjonar, næringsforeiningar, kommunar, forskings- og utdanningsinstitusjonar, regionråd og regionale- og statlege verkemiddelaktørar.

I tråd med vedtak i fylkestinget er det øyremerkt fire mill. kroner til kommunale næringsfond. Løyvinga skal gå til dei kommunane i Sogn og fjordane som tidlegare var omfatta av ordninga og som ikkje er slegne saman med andre kommunar. Fylkestinget har bedt rådmannen utarbeide ei sak om ny modell for tildeling i heile Vestland frå og med 2021.

Det vert også tilrådd å setja av inntil 3 mill. kroner til regionale etableringsfond forvalta av Innovasjon Noreg. Midlane til fondet skal delvis finansierast av fylkeskommunale renteinntekter i 2019, og

delvis av midlane som er sett av til bedriftsretta låne- og tilskotsordningar til distrikta under kap. 553, post 61 i statsbudsjettet.

Budsjett

Budsjettet er fylkeskommunen sitt. Tiltaka i handlingsprogrammet inkluderer også økonomiske- og administrative ressursar frå tiltakshavarar og andre partar som er involverte.

Budsjettpost	Budsjett 2020 NOK
Avsett til søkbare ordningar fordelt på dei strategiske innsatsområda	
Søkbare utviklingsmidlar til fordeling på ulike strategiske innsatsområde	18 000 000
Grøn konkurransekraft/klimainnovasjon	6 263 000
Verdiskaping byar og regionar	
Overføring til Innovasjon Norge og SIVA (KMD 553.61)	99 400 000
Øyremerka midlar til samarbeidsaktørar (partnarskapsmidlar)	13 063 000
Digital infrastruktur og breiband	23 700 000
Kommunale næringsfond	4 000 000
Naturressursar, landbruk og reiseliv	
Tilrettelegging for satsingar	600 000
Vassforvaltning	5 953 000
Naturressursforvaltning	1 050 000
Landbruk	11 250 000
Reiseliv medrekna turistveggar i Hardanger	11 800 000
Lokalsamfunnsutvikling og næringsutvikling i distrikta	6 781 000
«Travel like the locals», handlingsplan cruice, berekraftig reiseliv	1 500 000
Program kompetanse marin – «frå raud til grøn sone»	500 000
Forskning, kompetanse og internasjonalisering	
Mobilisering internasjonale prosjekt/kompetanse	600 000
Regionalt forskingsfond Vestland	18 355 000
Etablerarretteiing	4 149 000
Rett kompetanse	13 738 000
FORREGION (MobiFORSK og VRI4)	7 000 000
Prosjektmidlar frå EU-program	4 345 000
Partnarskapsmidlar (Teknoløftet, Vestlandsforskning og Ungt Entreprenørskap)	2 700 000
Grøn vekst, klima og energi	
Klimapartner	2 510 000
Drosjelading – klimasatsmidlar (Miljødirektoratet)	3 385 000
Hydrogen	900 000
Sum	261 542 000

Vedtakskompetanse

Vi tolkar det slik at hovudutval for innovasjon og næringsutvikling har vedtakskompetanse jf. Delegeringsreglementet.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Handlingsprogrammet styrer verkemidlande knytt til innovasjon og næringsutvikling.

Klima: Eitt av formåla med handlingsprogrammet er å bidra til nullutslepp av klimagass innan 2030.

Folkehelse: Omsynet til folkehelse er overordna for alle innsatsområda i handlingsprogrammet.

Regional planstrategi: Bygger på gjeldande planverk, og vil danne bakgrunnsinformasjon for utarbeiding av ny regional planstrategi.

Konklusjon

«Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020» er utarbeidd av Vestland fylkeskommune med innspel frå ei gruppe sett saman av Balestrand kommune, Bergen kommune, Innovasjon Noreg, Næringsalliansen, Fylkesmannen i Vestland, Høgskulen på Vestlandet, IT Forum Vest og Maritime CleanTech. I tillegg har relevante avdelingar og seksjonar internt i fylkeskommunen kome med faglege innspel.

For å få god forankring for den regionale utviklinga har Næringsforum Vestland vore styringsgruppe, trekt opp rammene for arbeidet og handsama utkast til handlingsprogram. Dei har også gitt si tilråding til hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon før endeleg godkjenning. Vi rår til at handlingsprogrammet vert vedteken som tilrådd.